



Selma Eik med bunadsdokkene som var hovudgevinst denne gongen og som Gunvor Myklebust vann. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Helselaget har stor oppslutnad og tillit i bygda samstundes som uskedelingane er rause. Noko anna kan ikkje bli konklusjonen etter årets helselagsbasar. Sjølv om den har lange tradisjonar vart det sett ein imponerende rekord i Helgheimkjellaren måndag kveld: Basaren gav 38.949 kroner til gode føremål!

Den førre rekorden var rundt rekna 27.000 og vart sett i fjor, men allereie før innspurten måndag var 20.000 sikra gjennom førehandssalet i butikken.. Difor låg ein rekord "i lufta", men at han skulle bli så imponerende var det nok ingen som trudde.

Men mange fine gevinstar har lokka. Ikkje minst har hovudgevinsten vore populær. Det var dokkeparet som helselagsleiar og basar-sjef Selma Eik sjølv hadde laga tilnærma hardangerbunadar til. Ho har laga atskillige slike gjennom åra, men aldri før til helselagsbasaren. Hovudgevinsten hamna på Neset og Gunvor Myklebust vart vinnaren.

Det møtte fram bortimot 50 til basar-avslutninga, som vart ein riktig koseleg kveld. Spennvidda i alder var imponerende, den var frå 15 månader til 81 år. Men det er ingen grunn til å vera like imponert over kjønnsfordelinga – det møtte ikkje ein einaste mann!

Etter årsal i fire omgongar kom talongbøkene fram og siste runde i eit vel innøvd ritual var trekkinga av bøkene. Og innimellom var det sjølvsagt sal av kaffe og eit imponerende utval av kaker.

Av Ola Matti Mathisen



Berit Harriet Døssland sel årar til Kristin Østebø, som hadde stor vinnarlukke. (Foto: Ola Matti Mathisen)